



Uttale frå Time Idrettsråd – Økonomiplan 2023-2026

Idrettsrådet ynskjer med dette å gje høyringsuttale til kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for Time Kommune for perioden 2023-2026.

Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Time idrettsråd seier at «Kommunen hentar inn høyringsuttale frå idrettsrådet i saker som angår idretten»

Styret i Time Idrettsråd har handsama saka i styremøte 2. November 2022.

Idrettsrådet er nøgd med kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for perioden 23-26 og særskilt nøgd med idrettssatsinga til kommunen.

Fokusområder

Økonomiplanen er eit viktig dokument for idrettslaga i kommunen. Kommunale driftstilskot er særskilt viktig i desse urolege tider for at dei frivillige laga skal kunne gje eit trygt, godt og allsidig tilbod til over 1/3 av innbyggjarane som driv idrett på eit eller anna nivå.

Det same gjeld anlegg for idretten. Difor er bygging, drift, vedlikehald og rehabilitering av både private og kommunale anlegg viktig. For dei private er det naudsynt med rammevilkår som gjer god drift mogleg.

Idrettsrådet er mest oppteken av punktene vi har prioritert i handslingsplanen sammen med idretten i Time Kommen når me gjennomgår økonomiplanen.

Driftstilskot/ Anleggstilskot, Tilgjenge av kommunale anlegg, Vedlikehald, Bygging av nye anlegg og elementer som styrker folkehelsa og fysisk aktivitet.

Idrettsrådet ynskjer å legge vekt på følgande områder og vil anbefale endring ;

- 1) **Auke i Driftstilskot/Anleggstilskot gjeldende fra 2023**, dette har ikkje vore justert sidan 2019 og fleire nye anlegg har blitt etablert samt at det generelle kostnadsnivået har auka.
- 2) **Anleggstilskot bør justeras for kvart privat anlegg som bygges** med da gjeldende vektall. Beløpet i dag til private idrettslag minkar når fleire anlegg bygges og tilskotet ikkje aukes.
- 3) **Symjehallen bør byggjast så snart som mogleg**. Symjehallen er snart 60 år og ein brå stenging på grunn av forfatning kan fort skje. Symjehallen er særskilt viktig for alle skulane /elevane i Time Kommune då symjeopplæring er ein del av læreplanen og



Time Idrettsråd

ikkje minst også for idretten og folkehelsa med å skape glede og tryggheit i vatn for å redusera antall drukningsulykker.

Sluttord

Kommunedirektøren har laga eit informativt og godt budsjett. Me håper idrettsrådets innspelemerkes og tas hensyn til.

Bryne, 4 November 2022

Time Idrettsråd

Gunn Djønne Berland

Judith Sørensen Håland

Jon Garman Laland

Sverre L. Bernt

Ingrid Nese Veen

Trond Sikveland

Birger Heigre